



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200506045  
Arkivnr. A. 00.42  
Sakshandsamar Bruvik, Inge Magnus

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Opplærings- og helseutvalet	04.10.05	49/05
Fylkesutvalet	27.10.05	252/05

## DET OFFENTLEGE SITT ENGASJEMENT PÅ TANNHELSEFELTET - HØYRINGSSVAR

**Opplærings- og helseutvalet 04.10.05**

**Ottar Tangen** sette fram slikt forslag I på vegner av H, Krf, Frp:

- ”1. Den offentlig finansierte tannhelsetenesten blir styrket. Det bør legges til grunn adekvat lønn og gode arbeidsforhold.
2. Det bør bli innført større refusjonsordninger og tannhelsetenesten bør på sikt stykkprisfinansieres.”

**Svein Egenberg** sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp, Krf:

”Nytt pkt. 5. En skal vurdere videre turnustjeneste for regioner med spesielle behov. Samtidig skal en videre vurdere ”preferert” inntak til studiet slik at en ”preferert” student får turnustjeneste til den regionen som har gitt ”preferansen”.”

**Bente Gunn Håtuft** sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp, Krf:

”Nytt pkt 7. Den øvre aldersgrensa for rett til eit oppsøkjande tannhelsetilbod for barn og ungdom blir sett til minimum 20 år. Personer som uforskyldt vert påført skade eller lyte på tann/munnhule skal ha rett til fri behandling for dette (t.d. vold/ulykke).”

**Ottar Tangen** sette fram slikt forslag II på vegner av H, Frp:

”9. Staten bør ha ansvaret for den offentlige tannhelsetenesten. I den grad den fortsatt skal tilhøre et regionalt nivå, må den tilføres rammevilkår som tilsier at tannhelsen blir godt forsvarlig ivaretatt.”

200502859 - 80  
2

## Røysting

Røystinga vart gjort punktvis.

- Pkt. 1. Tangen sitt forslag I vart vedteke mot 6 røyster (RV, SV, A, Sp).
- Pkt. 2. Tangen sitt forslag I vart vedteke mot 6 røyster (RV, SV, A, Sp).
- Pkt. 3. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
- Pkt. 4. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
- Pkt. 5. Egenberg sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (RV, SV, A, Sp).
- Pkt. 6. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
- Pkt. 7. Håtuft sitt forslag vart samrøystes vedteke.
- Pkt. 8. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
- Pkt. 9. Tangen sitt forslag II fekk 6 røyster (Frp, H) og fall.

## INNSTILLING

Fylkesutvalet i Hordaland sluttar seg i hovudsak til utvalet sine vurderingar og går inn for at:

1. Den offentleg finansierte tannhelsetenesta blir styrka. Det bør leggjast til grunn adekvat løn og gode arbeidsforhold.
2. Det bør bli innført større refusjonsordningar og tannhelsetenesta bør på sikt stykkprisfinansierast.
3. Det blir ikkje innført etableringskontroll for tannlegar.
4. Det blir oppretta regionale odontologiske kompetansesentra, og staten må sørgje for det finansielle grunnlaget.
5. Ein skal vurdere vidare turnusteneste for regionar med spesielle behov. Samstundes skal ein vidare vurdere "preferert" inntak til studiet slik at ein "preferert" student får turnusteneste til den regionen som har gjeve "preferansen".
6. Det førebyggjande og helsefremmande arbeidet blir styrka gjennom større satsing på forskning og betre samarbeid mellom forvaltningsnivå i helsetenesta
7. Den øvre aldersgrensa for rett til eit oppsøkjande tannhelsetilbod for barn og ungdom blir sett til minimum 20 år. Personar som utan skuld vert påført skade eller lyte på tann/munnhole skal ha rett til fri behandling for dette (t.d. vald/ulukke).
8. Det vil ikkje bli kravd eigenandelar for personar som har rett til offentleg finansierte tannhelsetenester
9. Fylkeskommunen/regionen framleis skal ha ansvaret for den offentleg tannhelsetenesta

**Fylkesutvalet**                      **27.10.05**

**Roald Stenseide** sette fram slikt forslag til nytt pkt. 9:

” 9. Staten bør ha ansvaret for den offentlige tannhelsetjenesten. ”

**Pål Kårbø** sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp og KrF:

” Alt. til pkt. 1 i innstillinga:

Den offentleg finansierte tannhelsetenesta vert styrka og finansiert av folketrygda.

Pkt 2: Vert strøken. ”

**Bjørn Lothe** sette fram slikt forslag:

” Nytt pkt. 2: Det blir innført nasjonale maksimaltakstar for tannbehandling.

Nytt pkt. 5: Det blir innført turnusteneste for tannlegar.”

## Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Kårbø sitt fellesforslag til nytt pkt. 1 vart vedteke med 13 røyster mot 1 røyst (Sp) for innstillinga pkt. 1.

Kårbø sitt fellesforslag vedk. pkt. 2 vart vedteke med 14 røyster mot ingen røyster for innstillinga pkt. 2.

Innstillinga pkt. 3 og 4 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga pkt. 5 vart vedteken med 8 røyster mot 6 røyster (SV, A, Sp) for Lothe sitt forslag til pkt. 5.

Innstillinga pkt. 6, 7 og 8 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga pkt. 9 vart vedteken med 11 røyster mot 3 røyster (Frp) for Stenseide sitt forslag til pkt. 9.

## VEDTAK

Fylkesutvalet i Hordaland sluttar seg i hovudsak til utvalet sine vurderingar og går inn for at:

1. Den offentleg finansierte tannhelsetenesta vert styrka og finansiert av folketrygda.
2. Det blir ikkje innført etableringskontroll for tannlegar.
3. Det blir oppretta regionale odontologiske kompetansesentra, og staten må sørge for det finansielle grunnlaget.
4. Ein skal vurdere vidare turnusteneste for regionar med spesielle behov. Samstundes skal ein vidare vurdere "preferert" inntak til studiet slik at ein "preferert" student får turnusteneste til den regionen som har gjeve "preferansen".
5. Det førebyggjande og helsefremmande arbeidet blir styrka gjennom større satsing på forskning og betre samarbeid mellom forvaltningsnivå i helsetenesta
6. Den øvre aldersgrensa for rett til eit oppsøkjande tannhelsetilbod for barn og ungdom blir sett til minimum 20 år. Personar som utan skuld vert påført skade eller lyte på tann/munnhole skal ha rett til fri behandling for dette (t.d. vald/ulukke).
7. Det vil ikkje bli kravd eigenandelar for personar som har rett til offentleg finansierte tannhelsetenester
8. Fylkeskommunen/regionen framleis skal ha ansvaret for den offentleg tannhelsetenesta

RETT UTSKRIFT:

DATO: 31. oktober 2005

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

*Mildn'd Butcher*